



Statens vegvesen

Meland kommune
v/Tore Johan Erstad
Postboks 79
5906 FREKHAUG
☐

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2014/084222-004

Dykkar referanse:
14/3692 - 14/16689

Vår dato:
01.12.2014

U

Uttale - søknad om dispensasjon frå plankrav - Gnr. 47 bnr. 92 - Rossland

Vi viser til e-post motteken 02.12.2014.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanens arealdel for bygging av einebustad/tomannsbustad/fritidsbustad. Fritidsbustad vil også krevje dispensasjon frå arealføremålet bustad i kommuneplanen.

Det vert også søkt om dispensasjon frå byggegrensa langs fv 564. Det er Statens vegvesen som kan gje slik dispensasjon i uregulerte område. Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal det vere avklara at omsøkt tiltak er i samsvar med gjeldande arealplan etter plan- og bygningslova.

Byggegrense

Den aktuelle eigedomen ligg med avstand frå ca 10 til ca 60 meter frå vegmidte av fv 564. Byggegrensa langs fylkesvegen er 50 meter. I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)* er fylkesvegen vist med gul haldningsklasse fram til snuplassen litt lenger nord. Det inneber at byggegrensa på 50 meter også er rettleiande for planarbeid og enkeltsaker langs vegen her.

Rossland/Vikebø er utpeika som områdesenter i Meland. Per i dag er det ikkje eige vegtilbod for mjuke trafikantar langs fylkesvegen forbi aktuell eigedom. Det må leggast til grunn at ei utbetring av fylkesveganlegget her også vil innebere etablering av eige vegtilbod for fotgjengarar og syklistar. Dette vil innebere ei vegutviding som vil kunne berøre aktuell eigedom.

Meland kommunestyre har i vedtak om Nordhordlandspakken eit eige punkt der det vert vektlagt at det er avgjerande viktig å utbetra vegstrekkja mellom kommunesenteret Frekhaug og områdesenteret på Vikebø. Dispensasjon for etablering av bustad innanfor byggegrensa langs vegen her vil kunne vanskeleggjere planlegginga og utbetringa av vegen forbi Rossland.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Avkøyrslø

Statens vegvesen har uttala seg om avkøyrsla i brev dagsett 08.09.2014. Vi vil i tillegg opplyse om at ei utbetra avkøyrslø vil kunne berøre og bandlegge areal på aktuell eigedom.

Støy

Deler av aktuell eigedom ligg innanfor gul støysone i Statens vegvesens støyvarselkart for Meland.¹ Utandørs støynivå på fasade og uteopphaldsareal er særlege problemstillingar i slike område, jamfør *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2012).



Utsnitt frå støyvarselkart. Aktuell eigedom er ringa inn.

Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor rår Statens vegvesen frå at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i denne saka.

Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil gje dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg.

Aktuell eigedom bør regulerast før eventuell utbygging. Ein reguleringsplan vil kunne avklare kva utbygging som kan vere aktuell på eigedomen, mellom anna med bakgrunn i arealbehova for eit utvida fylkesveganlegg, val av avkøyrsløsløysingar i området og støytilhøva.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam

1

http://www.vegvesen.no/attachment/193088/binary/375385?fast_title=St%C3%B8yvarselkart+Meland+A0+%281+MB%29.pdf